

HANDLINGSPLAN MOT MOBBING

Vasshus skule og barnehage

Mars 2011

Føreord

Det skjer mange hendingar i løpet av ein skuledag, både store og små. Dagleg kan det verta konflikhtar mellom elevar. Dette er tilhøve som dei vaksne på skulen freistar å klara opp i der og då. Men gjentekne og vondsinna handlingar frå ein eller fleire over tid – altså mobbing – er ikkje alltid like lett å avdekkja.

Difor vil skulen vera avhengig av melding frå føresette og elevar når det er mistanke om at slikt skjer.

Skulen vår har nå Zero-prosedyrar som dei vaksne skal følgja, for å avdekkja, løysa og følgja opp ei mobbesak.

Ein elev som opplever å verta mobba, er ein for mykje! Zero tyder null, og målet for Zero-arbeidet er nulltoleranse.

Det må verta me vaksne si oppgåve å læra borna å syna respekt for kvarandre, og samstundes læra dei å vera snille mot kvarandre.

Det kan då vera godt å ha den gyldne regelen klårt føre oss som seier at ” alt det du vil at andre skal gjera mot deg, det skal du gjera mot dei”!

Me ønskjer kvarandre lukke til med Zero-arbeidet, og skulen sitt mål må vera: **ALLE ELEVAR SKAL OPPLEVA EIT TRYGT OG GODT ARBEIDSMILJØ FRITT FOR MOBBING PÅ SKULEN.**

Helsing rektor

OMGREPSAVKLARING:

Mobbing: Fysisk og psykisk plaging som går føre seg over tid.

- Slag og spark, vold/aggresjon, negativ handling gjort med vilje.
- Systematisk utestengjing
- Handlinga utført av ein eller fleire elevar
- Det er ulikt styrkje forhold mellom elevane
- Vert utført av den/dei same elevane mot ein bestemt elev ofte og fleire gonger

Vaktordning: God dekning av vaksne ute i friminutta – 2 eller 3

Vaksne går over store delar av uteområdet, og ved bekken og rundt bedehuset

Vaksne møter presis til vaktene sine

Vaktene bruker refleksvest

Alle held reglane me er einige om

Er merksame heile tida

Ei vakt ved bussen ved heimreise 1. – 4. trinn

God skulestart: Aldersblanda arbeid ved skulestart.

Felles samling

Måltid i lag

Uteaktivitet samla

Tur i nærområdet

Aktivt bruk av fadderordninga

Organisering: Årleg mobbeundersøking 2. – 7. trinn – ansvarleg: rektor/kontaktlærer

Årsplanen mot mobbing: Inneheld 4 modular,

førebyggjing

avdekking

problemløysing

kontinuitet (motivasjon og kompetanseutvikling)

1.FØREBYGGJING

MÅLSETJIG	TILTAK	TID	MÅLGRUPPE	ANSVAR
Etablere felles forståing og reaksjonar til reglar og normer ved skulen vår	Gå gjennom handlingsplanen, samversreglane årleg	Ved skulestart i august	Alle tilsette og elevar	Rektor /administrasjonen
Skapa eit trygt miljø i friminutta både ute og inne	Medvite arbeid med vaktordninga	Gjennom heile skuleåret	Alle tilsette	Ass. rektor
Få i stand ein god oppstart på skuleåret	Felles prosjekt i oppstarten – ”GOD SKULESTART”	Frå august til oktober kvar haust	Alle elevane, spesielt 1.kl og fadrane	Kontaktlærer og lærar på kvart trinn
Læra reglane på skulen	Nøye gjennomgang av samversreglar og reglar for sosial kopetanse	Oppstartveka om hausten	Alle elevane, foreldre	Kontaktlærarane
Ta imot nye elevar på ein god måte	Skriva brev, ønskja ny elev spesielt velkomen. Dela ut klasseliste, timeplan, bli- kjentrunde	Straks det er kjent at ny elev kjem	Elevane i klassen	Kontaktlærer og elevane på trinnet
Utvikla eit godt sosialt og fagleg miljø	Laga klassereglar, klassens time. Arbeida medvite med Zippy og ”Det er mitt val”.	Gjennom heile skuleåret	Elevane gjennom elevrådet	Kontaktlærarane
Verta kjende med kvarandre på tvers av årssteg,tryggleik for dei yngste	Bruka fadderordninga aktivt	Går gjennom heile skuleåret	Elevane i 1. og 7. klasse	Kontaktlærer på dei aktuelle trinna
Utvikla eit aktivt elevråd	Melda saker til elevrådet og ta dei fort opp der	Går føre seg etter som saker kjem inn	Elevane og klassen	Elevrådskontakt og elevane
Skapa gode relasjonar heim/skule	Vekeplan, månadsplan, plan. Tilb. meld.	Kvar veke eller månad	Elevar og foreldre	Klassekontakt, kontaktlærer og elevane
Utvikla og bevare klassemiljøet	Bruka res. frå mobbeundersøkjingane og klassereglane	Straks resultat ligg føre	Elevane	Kontaktlærer

2. AVDEKKING

Mål	Tiltak	Tid	Målgruppe	Ansvar
Gje tryggleik og observera elevane	Vaktordninga (sjå omgrep)	Kontinuerleg	Elevane	Alle vaksne i miljøet
Gjera seg godt kjent med eleven	Elevsamtalar	Haust og vår	Elevane	Kontaktlærer og medlærer
Skapa godt samarbeid og erfaringsutveksling mellom heim og skule	Foreldresamtalar /utviklingssamtalar	Haust og vår	Elevar og føresette	Kontaktlærer og rektor
Halda fokus på mobbing	Felles foreldremøter med føredrag og samtale	Kvar haust sept/okt.	Foreldre og føresette	FAU ved leiaren
Gje kvar elev mulighet til å seia frå	Mobbeundersøkjing	Sept./okt.	Elevar	Rektor og kontaktlærer

3. PROBLEMLØYSING

Alle i miljøet må kjenna skildnaden på konflikt og mobbing. I det vidare oppsettet er teke med Zero sin problemløysingsmetode. Denne må alle øva seg i og praktisera.

1. Samtale med offer

- a. Lærar gjer klart at han/ho veit kva som skjer og at skulen ikkje kan akseptera det. Før samtalen har lærar skaffa informasjon frå andre i kollegiet. Avdekkja mobbing+ samla info er ei felles oppgåve i kollegiet.
- b. Gje eleven støtte. Ta eleven på alvor. Har mobbinga gått føre seg lenge, kan eleven kjenna seg "skuldig" eller vera redd for represalier.
- c. Eleven må få høve til å fortelja, men ikkje verta pressa. Kjem det ikkje noko fram her, eller at eleven verkar redd, kan ein ta ein ny førstesamtale ganske snart etterpå. Denne må fullførast.
- d. Læraren seier at han/ho vil stoppa dette og at eleven skal kva som skal skje på førehand. På det viset slepp eleven å vera redd og utrygg.
- e. Lærar gjer det klart at foreldra til eleven vert kontakta og informerte. Nå vil fleire vaksne spela på lag og gje eleven tryggleik. Det kan og vera aktuelt å seia at dei andre lærarane veit det og følgjer med.
- f. Avtal nytt møte med eleven. Ein kan gjerne ha to møter med eleven før samtale med plagar(ane).

2. Samtale med mobbar(ane) 5 – 10 min

a) Individuelle samtalar der elevane ikkje får høve til å snakka saman mellom samtalanene.

I. Lærar konfronterer med at han/ho veit kva som går føre seg, og at det ikkje kan akseptrast. Sørg for å ha god informasjon.

II. Lærar gjev eleven høve til å uttala seg, men går ikkje inn i diskusjon. Lærar skal ha ein akseptierende haldning til eleven, men vera fast bestemt på at han/ho ikkje godtek det som går føre seg. Ein skal seia at eleven får lov til å uttala seg, men at ein ikkje vil bryta inn anna enn å stilla spørsmål. Skal ein kommentera, seier ein: "Eg registrer kva du seier". Å gå inn i diskusjon er første felle i samtalen, det gjev eleven kontroll. Den er det læraren som skal ha. Lærar må følgja godt med på det eleven seier, det kan koma informasjon som er nyttig i det vidare arbeidet.

III. Lærar seier at han/ho vil informera foreldra og at rektor er informert. Ein skal la eleven skjønna at dette er eit kollektivt arbeid, som ikkje berre handlar om at den eine læraren bryr seg.

IV. Læraren spør om eleven har sett at nokon andre har plaga det aktuelle offeret. No er det viktig for læraren å følgja med, det kan koma informasjon til seinare bruk.

V. Læraren inviterer eleven til å koma med framlegg til tiltak for å få slutt på mobbinga. Her ligg felle nr. 2: generalisering. Eleven må konkretisera kva dette betyr for han og kva han då vil gjera i konkrete situasjonar. Har eleven mange idear, må han konsentrera seg om nokre få som kan gjennomførast fort. Læraren syter for å ha kontrollen ved å be eleven om å konkretisera.

VI. Læraren prøver å få eleven til å forplikta seg til å slutta med mobbinga. Dersom eleven ikkje vil forplikta seg, må læraren seia at det er eleven sitt val og at det kjem til å få konsekvenser. Kva for konsekvenser kan han/ho ikkje seia no, men noko kjem til å skje.

VII. Læraren let eleven få vita at ein kjem tilbake til dei andre elevane, no når avtalen er gjort. Dette vert sagt for å gjera det lettare for eleven å halda det han har lova.

VIII. Læraren informerer om at han/ho også vil snakka med dei andre som tek del i mobbinga – enkelvis først og seinare samla.

b) Gruppesamtale. Denne vert gjennomført straks dei individuelle samtalan er over (5 – 10 min.)

I. Læraren startar med å referera kva som er kome fram i dei individuelle samtalan. Det er no viktig å syna elevane samla at læraren har fått eit heilare bilete og at dei alle har bidrege noko til dette.

II. Læraren informerer om at saka er teken opp med den som er utsett for mobbing og at eleven også er informert om samtalen som no finn stad.

III. Læraren informerer om at mobbaren sine foreldre og vil verta gjort kjende med saka og at rektor er informert.

IV. Læraren freiser å forplikta elevane til å unngå mobbing ved å få kvar og ein til å seia at dei ikkje meir vil vera med på mobbinga.

V. Læraren spør elevane kva dei vil gjera dersom dei ser andre mobba den aktuelle eleven.

VI. Læraren førebur elevane på at dei skal møta den aktuelle eleven og andre elevar.

VII. Læraren gjer det klart for elevane at han/ho har tillit til at elevane no følgjer opp avtalane.

VIII. Læraren avtalar tid for ny samtale for å høyra korleis det går (om 2 – 4 dagar)

Læraren vurderer om det straks skal vera eit møte mellom dei/den som mobbar og den som vert mobba. I ein slik samtale skal normalt læraren gje elevane ordet, men sjå til at det vert ein konstruktiv konklusjon – bruk gjerne hentyding om det.

4. KONTINUITET

MÅL: Skulen sitt arbeid med å førebyggja, avdekka og stansa mobbing går føre seg kontinuerleg.

Dette får sin faste plass i skulen sitt årshjul.

Ansvarskjede. Problema skal normalt løysast på lågast mogeleg plan. Lærarane skal vita når saker vert å melda høgare opp i systemet.

Nivå/ansvar/varsling	1.nivå	2. nivå	3. nivå
NIVÅ	Ved mobbing i klassen/årssteget	Ved mobbing på tvers av gruppe/årssteg	Mobbing som krev ekstern hjelp/støtte
ANSVAR	Kontaktlærer	Kontaktlærer for mobbaren som samarbeider med kontaktlæraren til mobbeofferet	Rektor i samarbeid med kontaktlærer og relevant hjelpeinstans
VARSLING	Foreldre Kollegiet Rektor	Foreldre Kollegiet Rektor	Foreldre Kollegiet

Revisjon. Planen er tenkt å vera eit levande og aktivt verkty i skulen sin kvardag. Difor må han vurderast og eventuelt reviderast jamnleg. Ein gong i året – om hausten – vert det gjennomgang av planen. Då er resultatane av mobbeundersøkinga gjort kjend blant alle. Ansvarleg for gjennomgang er både FAU, elevråd og kollegiet. Rektor ser til at revisjon vert sett i verk.

Målsetjing	Tiltak	Tid	Målgruppe	Ansvar
Alle skal sjå kor viktig dette arbeidet er	Gjennomgang av planen	September/oktober	Alle tilsette Foreldre Elevane	Rektor og ass.rektor
Aktiv bruk av planen	Evaluering	Juni og oktober	Alle tilsette	Rektor

Planen vert vedteken i samarbeidsutvalet.